**Verdsarvskulen Eidsdal – «gardsdrift før og no»**

(*bør gardsmat inn her eller under frå jord til bord? Vere det seg produksjon av lefser, flatbrød eller anna)*

| **Barnesteget** | **Mellomsteget** | **Ungdomssteg** |
|---|---|---|
| *Aktivitetar:* | *Aktivitetar:* | *Aktivitetar:* |
| <u>Gard og dyr:</u><br>• Bli kjend med dei ulike dyra ein har på gardane i området. Kva dyr er det, kva et dei, kva nyttar vi dei til og liknande.<br>• Besøke ei seter eller to. Bli kjend med historia.<br>• Lære meir konkret om gardsproduksjon gjennom mjølk, ost, kjøt, ull og likande.<br>• Besøke og lære litt om Severinbrauta<br>• Konkrete ting å gjere er:<br>- Ysting Herddalen<br>- «Frå ull til tråd»<br>- Besøke ein sauefjøs, kufjøs, grisefjøs og geitefjøs. Ein i kvartalet til dømes. | <u>Verdsarvgarden og kulturarven – tradisjonell gardsdrift:</u><br>• Lære kjenneteikn på forskjellig tradisjonell gardsdrift her i området.<br>• Dei forskjellege årstidene og kvardagen den gang då. Lære å hesje og slå. Lære om husdyrhald og lage klede (frå tråd til kle)<br>• Sæterdrift<br>• Severinbrauta – omfattar mykje av det vi bør fokusere på av nøysemd, ivaretaking og skjøtsel<br>• Yste Skotet – som ovannemnt | <u>Det moderne jordbruk – kjenneteikn og praksis:</u><br>• Lære om overgangen frå det tradisjonelle til det moderne, med fokus på gardsutvikling og mekanisering av jordbruket. Registrere og bli kjend med utviklinga av utstyr. (se på forskjellige typer fjøs, frå Severinbrauta til fellesfjøs, handmelking til rørmelkeanlegg, periode til periode, utviklinga av byggene(løer) og all redskapen som følger.<br>• Mekanisering og spesialisering. Lære om moderne utstyr og korleis ein nyttar det.<br>• Vårt globale ansvar – eiga matforsyning (kortreist mat)<br>• Utfordringar og moglegheiter innan det lokale jordbruk<br><u>Arven vår:</u><br>• Å ta vare på kulturlandskapet i ei moderne verd. (ta naturen i bruk, ta vare på seg sjølv kan bakast inn. |

| | | |
|---|---|---|
| | | • Halde ved like gamle tradisjonar<br>• Fokus på forbrukaren – døme halde ved like klede – «Green Nelly» |
| *Korleis løyse?* | *Korleis løyse?* | *Korleis løyse?* |
| • Få til fast samarbeid med dei forskjellege gardane. Kanskje få med seg korleis ein driv til forskjellege tider av året med dyra.<br>• Få til fast samarbeid med Herdalen<br>• Leggje til rette for tid til dei forskjellege aktivitetane i eit årshjul | • Spikre rullering Ytste Skotet. Jobbe på førehand med det dei skal lære?<br>• Leggje ein plan saman med Severinbrauta.<br>• Få til eit samarbeid med Storfjordens Venner? Om å halde ved like osv.<br>• Få på plass eit samarbeid med forskjellege eigarar av sætre.<br>• Finne tak i historisk materiale – kanskje ta for seg ein gard/sæter i halvåret. Lage presentasjonar, katalogisere, eventuelt få løyve til å samle inn til låns diverse gjenstandar. Kanskje intervjue for ettertida dei som har kunnskapen?<br>• Leggje til rette for tid til dei forskjellege aktivitetane i eit årshjul | • Besøke og samarbeide med dei forskjellege fellesfjøsa.<br>• Involvere oss i planlegginga av fellesfjøs i Geiranger? Kvifor ynskjer kommunen ein slik fjøs.<br>• Gjere ei skikkeleg dokumentering av utfordringane og moglegheitene til bruk i presentasjonar?<br>• Eidsdal før og no – ein biletepresentasjon?<br>• Sjå på produksjon av kortreist mat – besøke produsentar. |
| *Kompetansemål ein kan trekkje inn for barnesteget - forenkla* | *Kompetansemål ein kan trekkje inn for mellomsteget - forenkla* | *Kompetansemål ein kan trekkje inn for ungdomssteget - forenkla* |
| | Samfunnsfag:<br>• Forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis | Samfunnsfag:<br>• Teknologiske og samfunnsmessige endringar som følgje av den industrielle revolusjonen |

| | | |
|---|---|---|
| | • Gjere greie for klima- og vegetasjonssoner i verda og korleis menneske gjer seg nytte av dei<br>• Gje døme på ulike kulturelle symbol og gjere greie for kva vi meiner med omgrepa identitet og kultur<br>• Fortelje om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida og gjere nærare greie for eit sentralt tema i denne perioden(husmannsplassar?)<br>• Lese tekstar om menneske som lever under ulike vilkår, og drøfte kvifor dei tenkjer, handlar og opplever hendingar ulikt<br>• Plassere ei hendingsrekkje i historie og samtid på tidsline og kart<br>• Gjennomføre undersøkingar, formulere samfunnsfaglege spørsmål, bruke kjelder og omgrep til presentasjonar.<br>Naturfag: | • Viktige omveltingar i samfunnet i nyare tid, og reflektere over korleis dagens samfunn opnar for nye omveltingar<br>• Drøfte samanhengar mellom natur og samfunn. Korleis gjer mennesket seg nytte av naturgrunnlaget, andre ressursar og teknologi i Noreg, med fokus på berekraftig utvikling<br>• Utforske, beskrive og forklare natur- og kulturlandskapet i lokalsamfunnet<br>• Gjennomføre undersøkingar, formulere samfunnsfaglege spørsmål, bruke kjelder og omgrep til presentasjonar.<br>Naturfag:<br>• Observere og gje døme på korleis menneskeleg aktivitet har påverka eit naturområde, undersøkje ulike interessegruppers syn på påverknaden og foreslå tiltak som kan verne naturen for framtidige generasjonar.<br>• Undersøke og registrere biotiske og abiotiske faktorar i eit økosystem i nærleiken og forklare samanhengar mellom faktorane<br>• Formulere testbare hypoteser, planleggje og gjennomføre undersøkingar av dei og diskutere |

| | | |
|---|---|---|
| | | observasjonar og resultat i ein rapport<br>• Innhente og bearbeide naturfaglege data, gjere berekningar og framstille resultat grafisk<br>• Skrive forklarande og argumenterande tekstar med referansar til relevante kjelder, vurdere kvaliteten ved eigne og andre sine tekstar og revidere tekstane<br>Norsk:<br>• Alle kompetansemål om skriving, presentasjon og digitale verktøy<br>Matematikk:<br>• Gjennomføre undersøkingar og bruke databasar til å søkje etter og analysere statistiske data og vise kjeldekritikk<br>• Bruke tal og variablar i utforsking, eksperimentering og praktisk og teoretisk problemløysing og i prosjekt med teknologi og design<br>• Analysere samansette problemstillingar, identifisere faste og variable storleikar, kople samansette problemstillingar til kjende løysingsmetodar, gjennomføre berekningar og presentere resultata på ein formålstenleg måte<br>KRLE:<br>• Drøfte verdival og aktuelle tema i |

| | | |
|---|---|---|
| | | samfunnet lokalt og globalt: sosialt og økologisk ansvar, teknologiske utfordringar.<br>Kroppsøving:<br>• forklare samanhengen mellom fysisk aktivitet, livsstil og helse(bondens liv)<br>Kunst og handverk:<br>• Skape klede og drøfte mote, pris og kvalitet i eit forbrukarperspektiv(Green Nelly)<br>• Alle kompetansemåla som har med dokumentasjon og presentasjon å gjere<br>• Beskrive livsløpet til eit produkt og vurdere konsekvensar for berekraftig utvikling, miljø og verdiskaping<br>• Forklare korleis klima, kultur og samfunnsforholda påverkar bygningar si konstruksjon, val av material, form, uttrykk og symbolfunksjon<br>• Byggje og teste bærande konstruksjonar i ulike material<br>• Vurdere funksjonell innreiing av rom, stil og smak og visualisere eigne løysingar.<br>Mat og helse:<br>? Her får ein vurdere om gardsmat skal inn |